

GENERELLE JAKTREGLAR SMÅVILTTJAKT / ROVVILTTJAKT



- Alle som jaktar småvilt/rovvilt i Skjåk Almenning må løyse jaktkort.
- Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
- Jaktkortet gjeld jakt på dei artar av småvilt/rovvilt som er lovlege etter dei til kvar tid gjeldande forskrifter gjeve av Miljødirektoratet med unntak av Storfugl og Orrfugl.
- Storfugl og orrfugl er i utgangspunktet freda for jakt i Skjåk Almenning. Enkelte år kan det opnast for jakt på orrfugl for innanbygdsbuande. Jeger pliktar å sette seg inn kvote det enkelte år.
- Jaktkortet på rovvilt gjeld lisensjakt på jerv, ulv og bjørn, samt kvotejakt på gaupe innanfor dei til ei kvar tid gjeldane offentlege lovar og reglar.
Jeger er sjølv ansvarleg for, og pliktar å sette seg inn i gjeldane regelverk, samt eventuelle kvoter det enkelte år, og for den enkelte art. Jeger pliktar også å sette seg inn i reglar gjeve av Statsforvaltaren i Innlandet.
- Skjåk Almenning har eigen retningsline for åtejakt, ta kontakt for meir informasjon / reglar.
- Innehavar skal alltid ha jaktkort, jegeravgiftskort, våpenkort og gyldig legitimasjon med seg under jaktutøving, og pliktar å vise det fram når det blir kravd av jaktoppsynet. Som jaktkort er kvittering frå Inatur gjeldande.
- Ved kjøp av jaktkort godtek jegeren kontroll av eventuell baglimit og må framvise fangst ved førespurnad frå oppsynet.
- Det blir innført fellingskvote på fjell- og lirype kvart år. Denne blir fastsett etter taksering i august, og kunngjort på heimesida vår. Jeger pliktar å gjere seg kjent med kvota før jakta tek til. Flytting av kvote mellom dagar og jegerar er ikkje tillate.
- Jaktkortet gjeld i Skjåk Almenning, og kun i det feltet som ein er tildelt jakt i. Jegeren plikter å gjere seg kjent med grensene. For innanbygds gjeld heile allmenninga som eit felt.
- Jakt og fangst i våre største og mest brukte hytteområde på Grotli, Nysætra, Billingen, Liavatnet og Heggebottvatnet er ikkje tillate. Grensene fylgjer reguleringsplanen for hytte/fritidsbustadområde.
- Området *Uppnåse* er freda for all rypejakt.
- Alle som deltek i jakt med hund skal løyse jaktkort for småviltjakt med hund. Det er tillate å bruke ein hund pr. jeger samstundes.
- Jaktrapport skal leverast uansett fangst eller ikkje, dei som ikkje leverar rapport kan bli utestengt frå jakt neste år. Ta kontakt dersom noko er uklart.

***Ved kjøp av småvilkort/rovvilkort i Skjåk Almenning
godtek jegeren desse jaktreglane***

**Brot på desse reglane og/eller brot på viltlova med føresegner, blir meldt til politiet og
vedkomande vil bli utestengt frå jakt i Skjåk Almenning**